



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	Onsdag 19.09.2018
Tid:	18-21
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Kari Espelid, Arne H Hansen Forfall: Asle Zimmermann, Greta Karin Wibe Svendsen
SAKLISTE NR:	8/2018

Innkallinga godkjent og møtet sett med ny sak 78/18: 2.TERTIALRAPPORT FOR TANUM MENIGHETSRÅD

SAK 71/18

SAMTALE MED KANTOR JAN IVAR EIKELAND

Jan Ivar uttrykte at bortsett frå med orgelsaka har det ikkje skjedd så mykje nytt sidan siste samtale for eit år sidan. Salmesongen er framleis god i Tanum! Han ser fram til å få nytt pipeorgel og prøvar i mellomtida å variere musikken så godt som råd på det digitale orgelet. Honorar til solistar på spesielle dagar som t. d. konfirmasjon, juledag og Allehelgensdag kostar fort ein del. Viss vi ynskjer oss fleire konsertar i Tanum kyrkje, kjem ikkje dette av seg sjølv, men må jobbast fram. Han nemnde også gudstenester orienterte mot musikk som eit forslag, sidan fasilitetane i Tanum ikkje er tilpassa alle slag konsertar.

SAK 72/18

GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 22.08.2018 OG UNDERSKRIFTER REFERATET FRÅ 13.06.2018

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Olin Ambjørnsen og Ragni Haga.
Underskrifter protokollen frå 13.06.: Elisabet Romøren og Dag Johnsen.

SAK 73/18

LYS VÅKEN 17.-18.11.2018, BISTAND FRÅ MR

E-post frå trusoplærer Birgitte B. Ørnes den 23.08.2018 om Tanum menighetsråd ynskjer at ho skal invitere til Lys våkensamling i år, samt eventuelt hjelp til gjennomføringa.

Vedtak: Tanum menighetsråd er positive til at dette arrangementet skal gjennomførast. Elisabet Romøren kan hjelpe til med middag

laurdag og Olin Ambjørnsen med frokost og oppvask søndag. Vi jobbar vidare med å dekke opp to nattevakter.

SAK 74/18

INNKJØP AV NYE VASAR TIL TANUM KYRKJE

E-post frå kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar Unni Lindhjem den 04.09.2018 om behov for nye vasar på altaret.

Vedtak: Tanum menighetsråd ynskjer at det blir kjøpt inn nye vasar og bed om at kyrkjetenar Unni Lindhjem ordnar dette.

SAK 75/18

NYTT ORGEL TIL TANUM KYRKJE

Sjå sak 66/2018 (- og mange tidlegare saker)

Leiar i orgelkomitéen, Elisabet Romøren, orienterte om status og framdrift i orgelsaka. Ho la fram eit forslag til brev som skal sendast lokale bedrifter o.l. med bøn om økonomisk stønad for å dekke opp dei 300.000 kr som manglar i fullfinansiering av orgelet. Dette skal også leggst ut på Facebook. I tillegg skal det søkast om middel frå ulike legat og fond.

Vedtak: Vi vedtok utkastet. Teikninga av orgelet øverst i brevet skal vera i fargar.

Leiar i menighetsrådet/dugnadsansvarleg, Kjell Nilsen orienterte om at orgelpipene og mykje treverk, samt elektrisk er teke ned og det praktiske arbeidet er i rute.

SAK 76/18

TRUSOPPLÆRINGSMIDDEL, - FORDELING MELLOM STAVERN OG TANUM

Leiar Kjell Nilsen refererte frå eit møte den 04.09.2018 med kyrkjeverge og personalansvarleg om saka.

SAK 77/18

KONFIRMANTAVGIFT-PURRING VED UTELATEN BETALING?

Spørsmål frå kyrkjekontoret om det skal sendast ut ei tredje purring til dei foreldra som ikkje har betalt for konfirmantopplegget i år.

Vedtak: Dei konfirmantforeldra som ikkje har betalt blir minna om det ein tredje gong.

SAK 78/18

2. TERTIALRAPPORT FRÅ TOR BAKKEN PÅ KYRKJEKONTORET

Vedtak: 2.tertialrapport blir teken til orientering

SAK 79/18**MELDINGAR/ORIENTERINGSSAKER**

1. Sportskapellet 16.09.2018. (sak 68/18, pkt 4). Tenesta ved Tanum menighetsråd vel utført.
2. Spørsmål frå prosten om ofring til TV-aksjonen ved gudstenesta i Tanum 21.10.2018. Vi har tidlegare gjort vedtak om at offeret går til TV-aksjonen der gudstenesta i Tanum fell på denne dagen.
3. Kyrkjeverge ynskjer å besøke menighetsråda (sak 68/18, pkt 1). Leiar prøvar å avtale dette møtet til 17.10.2018 (neste MR-dato).

SAK 80/18**EVENTUELT**

Vi utveksla tankar rundt komande menighetsrådsval hausten 2019.

Etterpå gjekk dei av oss som kunne opp på galleriet i Tanum kyrkje for å sjå korleis det ser ut etter at orgelet med piper samt ein god del treverk er fjerna.